

Haugland får ikkje medhald

17.08.2012



Haugland har mykje hjort. Foto: Ola Matti Mathisen

**Rådmannen går inn for at forvaltningskomiten til veka skal avvise ein klage frå Haugland hjortevald over talet på løyver dei har fått tildelt for dette året.**

**Rådmannen viser til at dei har lågare minsteareal enn vald i området. Valdet har knapt 5000 dekar og med minstearealet på 350 dekar gjev det 14,24 løyver**

Hjorten gjer mykje skade i området og det er derfor nytta monaleg lågare minsteareal enn for nabovalda.

Det er teke særleg omsyn til skadepresset ved å nytte 45 prosent reduksjon av minstearealet.

Forvaltningen har heller ikkje fått sett hjort-skjema frå valdet og utan dette er det vanskeleg å sjå utviklingstrekk i bestanden.